



**BERLINER
BEITRÄGE
ZUR SKANDINAVISTIK**

Titel/
title: *Språk og språkforhold i Sápmi*

Autor(in)/
author: Inger Johansen

Kapitel/
chapter: »Revitalisering av sørsamisk språk«

In: Bull, Tove/Kusmenko, Jurij/Rießler, Michael (Hg.): *Språk og språkforhold i Sápmi*. Berlin: Nordeuropa-Institut, 2007

ISBN: 973-3-932406-26-3

Reihe/
series: Berliner Beiträge zur Skandinavistik, Bd. 11

ISSN: 0933-4009

Seiten/
pages: 141–152

Diesen Band gibt es weiterhin zu kaufen. This book can still be purchased.

© Copyright: Nordeuropa-Institut Berlin und Autoren.

© Copyright: Department for Northern European Studies Berlin and authors.

INGER JOHANSEN
Revitalisering av sørsamisk språk

Innleiing

Sørsamisk er språket til sørsamane, som er ein del av det samiske folket. Sjølv om det sørsamiske språket blir brukt både til kommunikasjon og kulturell identifisering, er det i dag ei stor utfordring å oppretthalde språket som eit levande og aktivt kommunikasjonsmiddel i alle samanhengar. Det sørsamiske språket blir dermed sett på som eit truga språk. Det finst likevel mange som tek denne utfordringa, og som har som mål å føre språket vidare. I samband med arbeidet med mastergradsavhandlinga *»Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera«*. *Ei sosiolingvistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk*¹ har eg intervjuet nokre av desse revitaliserarane og analysert revitaliseringsprosessen dei er inne i. I denne artikkelen går eg gjennom nokre av hovudpunkta frå analysane.

Ein barriere

Alle informantane eg intervjuer, har det til felles at dei er eller har vore »ubalansert«¹ tospråklege i ein eller annan grad, men ønskjer å bli funksjonelt tospråklege. Dei uttrykkjer ein sterk vilje til å oppnå dette, men snakkar i den samanhengen om ein barriere eller ei sperre som ser ut til å vera vanskeleg å handtere. Det er tydeleg at det ikkje er enkelt å byrje å bruke det ein kan i alle situasjonar det reint kommunikativt ville ha vore mogleg. Sjølv om ein beherskar sørsamisk tilstrekkeleg til den situasjonen ein er i, og ein veit at samtalepartnaren òg gjer det, er det ifølgje informantane ofte svært vanskeleg å bruke språket. Eg har gjort ein freistnad på å koma fram til kva denne barrieren består av, og kva strategiar som skal til for å koma over han. For å forstå dette delte eg analysen av intervjumaterialet inn i to dimensjonar: å kjenne seg trygg på den samiske språkbruken sin og å kjenne seg trygg på den samiske identiteten sin.

¹ JOHANSEN 2006.

Å kjenne seg trygg på den samiske språkbruken sin

I den første dimensjonen inngår kategoriane *den språklege praksisen* og *språkleg purisme*. Alle informantane har tre språkvarietetar i morsmålsrepertoaret sitt:² norsk, sørsamisk og ein etnolekt som er norsk med sørsamiske ord og uttrykk.³ Alle snakka norsk utan samisk substrat, men ingen snakka i utgangspunktet sørsamisk utan norsk substrat. Sørsamisk ser ut til å bli brukt i få og spesielle situasjonar. Slekt og reindrift er to viktige domene der sørsamisk blir brukt, og dette gjer at sørsamisk på sett og vis kan karakteriserast som eit »heimespråk«. Dermed er det i stor grad eit »privat« språk, og det er »usynleg« for dei norske samfunna sørsamane tek del i. Men sørsamisk kan også fungere som eit språk for det hemmelege, slik denne informanten skildrar:

Men sånn som meg og venninnene mine ... Om det er noko spesielt som ingen skal høyre, da bruker vi jo sørsamisk ubevisst igjen. Når ho ringer meg og snakkar samisk, så skjønner eg at no er det nokon i bakgrunnen som ikkje skal høyre. [...] Og vi snakkar ofte samisk om vi sit på kafé og slikt. Men det har jo mest med at ... Kjem det inn ein kjekk fyr, så ...

Andre fortel om folk dei kjenner som får dei til å snakke sørsamisk ved å »nekte« å snakke norsk:

Og ho er veldig bevisst på at eg skal snakke samisk til henne. Om eg stiller eit spørsmål til henne på norsk, så kan ho bevisst ikkje svare. Og da berre: »OK, skjønner!« [...] Ho veit at eg kan!

Andre igjen nemner festlege lag som ein arena for sørsamisk språkbruk:

[O]m ein er litt bedugget, da blir det lett til at ein snakkar samisk.

Intervjuar: Å ja, når ein mistar hemningane?

Jaja. Så det er liksom det det står på, det å tørre. Så har ein fått litt innabords, da er det ikkje noko problem å snakke samisk.

² Sørsamene sjølve har ein tendens til å kalle sørsamisk for morsmålet sitt sjølv om dei ikkje har morsmålskompetanse i det.

³ Det er ein eigen diskusjon om dette »blandingsspråket« kan kallast både ein varietet og ein etnolekt, men det kjem eg ikkj nærare inn på her. Vidare i denne artikkelen kallar eg det »etnolekten«.

Felles for alle informantane er at dei seier det er lettare å snakke sørsamisk til ungar enn til jamaldringar og folk som er eldre enn dei sjølv. Dette kjem vi tilbake til.

Det er altså tydeleg at det er vanskeleg å skulle byrje å bruke sørsamisk der ein til vanleg bruker norsk. Informantane skildrar store problem knytte til det å skulle snakke sørsamisk i »vanlege« situasjonar med jamaldringar og eldre, og dei snakkar om »å tørre« og at det er »ei sperre« med det. Løysinga på desse problema ser ut til å vera å bruke ein »mellomting« nemleg norsk med sørsamiske ord og uttrykk. Denne etnolekten er utbreidd i det sørsamiske miljøet og blir truleg snakka av nestan alle, sjølv i familiar der det nesten utelukkande blir snakka norsk. Etnolekten fyller nokre av dei sosiale funksjonane til eit flytande sørsamisk språk: Når dei snakkar norsk med sørsamiske ord med andre sørsamar, markerer dei indre solidaritet og tilhørslse samstundes som dei trekkjer opp ei grense mot dei etnisk norske. Ved at denne varieteten er ein legitim og umarkert måte å snakke på, »skjuler« denne etnolekten den ufullstendige sørsamiskan til mange, samstundes som han òg skjuler den språkkunna mange faktisk har i sørsamisk.

I løpet av intervjuet kom det fram at noko av grunnen til at informantane bruker etnolekten heller enn sørsamisk, er at det ser ut til å rå ein språkleg purisme i det sørsamiske språksamfunnet:

[Det] er ei eller anna sperre på ein måte, med det å snakke samisk. For det er sånn . . . Ein person kan snakke samisk med meg, og eg skjønner kva han seier, men eg svarar han på norsk. Det trur eg kanskje har litt med . . . [. . .] Det er vorte slik fokus på at det skal vera grammatisk rett. For det var sånn, med besteforeldra mine, når eg snakka med dei, så var det sånn at om det var eit ord eg ikkje visste, så brukte eg norsk, og kombinerte språka, skulle eg til å seie. Men så var det, i alle fall da vi gjekk på ungdomsskolen og vidaregåande, så var det nokon som var veldig sånn der: »Nei, no seier du feil. Sånn skal du ikkje seie det. Det er ikkje rett.« [. . .] Og det trur eg har lagt ei sperre for mange med det at vi skjønner språket veldig godt, men så er vi redd for å snakke det fordi vi er redd for å snakke feil.

Purismen som informantene refererer til, gjer at terskelen for å bruke sørsamisk når ein ikkje beherskar det hundre prosent, blir veldig høg. Dermed blir ein slik sett ekskludert frå språksamfunnet heller enn inkludert.

Denne språklege purismen i kombinasjon med at mange føler dei ikkje beherskar språket fullt ut, gjer at mange ikkje kjenner seg trygge på det sørsamiske språket sitt, noko som inneber at dei berre sjeldan og i spesielle tilfelle bruker det dei faktisk kan.

Å kjenne seg trygg på den samiske identiteten sin

Under den andre dimensjonen ved barrieren, å kjenne seg trygg på den samiske identiteten sin, høyrer kategori *stigmatisering* og *sjølvidentifisering* til. Opplevingar av stigmatisering kan ha stor innflyting på korleis ein formar den etniske identiteten sin. Eg har i denne samanhengen laga eit skilje mellom inter-etnisk stigmatisering (stigmatisering utført av etniske nordmenn) og intra-etnisk stigmatisering (stigmatisering utført av andre samar).

I tal er forteljingane om inter-etnisk stigmatisering i materialet mitt fleire enn dei intra-etniske, men, som det etter kvart vil koma fram, har revitaliserarane ulike meistringsstrategiar andsynes dei to ulike typane. Forteljingane om stigmatisering utført av etniske nordmenn, eller »ikkjesamar«, som dei ofte blir kalla i intervju, er i store trekk ganske like, men nokre informantar hadde mange episodar å fortelje, og andre ingen:

Intervjuar: Har du opplevd mobbing?

Nei. Da vi gjekk på barneskolen, da, så fekk vi slengt »samejævla« og alt det der, og akkurat der og da var det kanskje ikkje så artig. Men vi var så mange at vi orka ikkje å bry oss om det, for desse bygdeungane kunne berre halde seg heime. Men etterkvart vart vi jo kjent med dei; da vi kom på ungdomsskulen kom vi jo i klasse med dei, og da viste det seg at det hadde jo berre vore denne framandfrykta. Det var eit internat nedpå der, og der visste dei at det budde ein haug med sameungar, men meir visste dei ikkje. Og dei sa jo det, det var berre det dei visste, og dei skjønnte jo ikkje kva vi egentleg gjorde der. Så det som vart slengt etter oss, var jo på grunn av uvitenheit og ...

Her svarar informanten altså kjapt »nei« på spørsmålet om ho har opplevd mobbing. Likevel fortel ho umiddelbart etterpå om mobbeepisodar frå barndomen. Dette tyder på at ho trass i at det ikkje »var så artig« då, ikkje ser på dette som så alvorleg no, og ho orsakar mobbarane: Dei var

berre ungar som ikkje visste betre. Det er fleire som har denne haldninga til mobbing frå andre ungar.

I tillegg til opplevingar i barndomen fortel mange om problem med å få oppfylt retten til undervisning i sørsamisk på vidaregåande skule:

Slik er det på vidaregåande òg. Ikkje sant, når ein får søknadspapira, så er det ruter ein kan krysse av for sørsamisk første- eller andrespråk. Men når ein kjem på skulen da, så er ingenting fiksa. Ingenting. Og da står du der, da, og må fikse alt sjølv.

Intervjuar: Og det har du gjort?

Ja, eg var jo nøydd til å gjera det sjølv, da. Det er jo eigentleg ein hån, dette. [...] Så eg måtte jo vente til etter jul før eg fekk undervisning da eg byrja på skulen. Så det tok kjempelang tid, og det kunne ha vore ordna på to veker, men det var så mykje fram og tilbake på skulen. Og ein føler jo at ein blir litt motarbeidd, da. Også fekk eg høyre heile tida at det var dyrt og kosta pengar og alt muleg. Ein blir jo ein byrde, da. [...] Det er ingen openlys rasisme, eigentleg, men ein føler jo at ein blir motarbeidd. Og det er frykteleg irriterande.

Den neste historia er ikkje fortalt som svar på spørsmål om opplevingar av stigmatisering, men kom fram på anna tidspunkt i intervjuet. Eg vel likevel å ta situasjonen med som døme på inter-etnisk stigmatisering, trass i at hovudpersonen sjølv ikkje eksplisitt kategoriserte det som mobbing eller stigmatisering. Her snakkar den eine av informantane som har ungar, om at ho meiner det er viktig at helsepersonell kan noko om tospråkleg tileigning, slik at dei kan rettleie foreldre som vil gje ungen sin eit anna språk i tillegg til norsk:

Det er klart at helsepersonell bør kunne rettleie meg i tospråkleg tileigning. Og ikkje gjer sånn som det vart sagt til meg at »du må jo passe på så ungen får eit språk å tenkje på«. Tenk deg å seie det! Hæ?

Intervjuar: Nei! Har nokon sagt det?!

Ja, men altså det var ... Det er ikkje sikkert ho har tenkt på kva ho sa ... [...] Men eg vart jo litt sånn »Hallo?!« Men eg veit så mykje, for eg har lese. Men viss ho hadde sagt det til ei mor som hadde tatt den beslutninga at ok, eg skal snakke samisk med ungane mine, men eg er litt usikker. Ho

hadde ikkje turt å fortsette, altså. Du vil jo gje ungen din eit språk å tenkje på! Å, det er så gammaldags og . . .

Når eg reagerer med vantru på denne kommentaren om at sørsamisk ikkje er eit språk for tanken, er informanten kjapp til å byrje å orsake den som har sagt det. Det er tydeleg at ho meiner denne utsegna er eit resultat av manglande kunnskapar og ikkje av personleg vondskap. Den aktuelle helsearbeidaren visste ikkje betre, og då er det ikkje hennar feil. Dette ser ut til å vera grunnhaldninga. Informanten legg vekt på at det for hennar del ikkje er noko problem å heve seg over slikt, for ho er utdanna og veit betre enn dette. Derimot meiner ho det kan bli eit problem dersom meir usikre mødrer blir møtt med dette synet på tospråklegheit i samisk og norsk.

Som døme på inter-etnisk stigmatisering ser vi altså eit spekter frå ein-skildepisodar med mobbing av jamgamle ungar via støytande utsegner frå helsearbeidarar til meir systematisk usynleggjering i utdanningsvesenet. Rundt desse forteljingane i intervjuet utkrystalliserer det seg ulike strategiar for å takle ulik type stigmatisering. Alle som nemner episodar, både frå barndom, ungdom eller vaksenlivet der det er einskildpersonar som står bak, har ei overberande haldning til den som står bak stigmatiseringa. Dei hevar seg over heile situasjonen og orsakar personane bak stigmatiseringa ved å vise til manglande kunnskapar. I mange tilfelle peiker dei oppover og identifiserer rota til problemet på eit høgare nivå enn det individuelle. Det er systemet det er noko feil med, og det vil dei på ulike vis gå inn for å endre.

Intra-etnisk stigmatisering

Det viste seg i intervjuet at den intra-etniske stigmatiseringa var mykje vanskelegare å takle enn den inter-etniske. Den intra-etniske stigmatiseringa er ofte knytt til det å vera ein »fullverdig« same. Når er du »fullverdig« same, og kva er du om du ikkje er det? Fleire informantar fortalde om stigmatisering av denne typen. I det første sitatet er det snakk om det å ha ein norsk forelder:

Og da eg kom på skulen, så vart det brukt ein del frå samisk hald, av samiske elevar. »Ja, du er dårlegare, for du er berre halv«.

I det neste sitatet er det snakk om å drive med rein eller ikkje:

Intervjuar: Har du nokon gong opplevd nokre problematiske ting i forhold til det å vera same, har du vorte mobba eller ... ?

Eigentleg så ... Det er jo slikt ein eigentleg ikkje pratar om, da, men det ein merkar mest, er eigentleg mobbinga innad i det samiske samfunnet. Dette med at viss du ikkje har rein, veit du. Da er du ikkje ein ordentleg same, eller da er du mindre verd. Det er litt sånn. Eg veit ikkje kva det kjem av, dette. Dei er vel sikkert usikre sjølv, da ...

Her er det tydeleg at han sjølv meiner han bryt eit tabu ved å snakke om det han kallar mobbinga innanfor det samiske samfunnet. Sjølv om han òg har ein norsk forelder, så nemner han ikkje stigmatisering på grunn av dette. Derimot seier han at ein blir sett på som »mindre« same dersom ein ikkje har rein. I det neste sitatet blir desse to dimensjonane kombinert, men likevel på ein måte som viser at i alle fall denne informanten har opplevd den eine dimensjonen som viktigare enn den andre:

Men i det samiske samfunnet nokre gonger da, så er eg ikkje same nok. Fordi mora mi er norsk. Så på internatet så var det litt diskriminering oss samane imellom, da. [...] Ja, både frå ungane og av foreldra til ungane. Vi var ikkje like bra som deira eigne ungar, for dei hadde foreldre som begge var samar.

Intervjuar: Det hjelpte ikkje at du var frå reindriftsfamilie, da?

Det var no eit plusspoeng, da, og det hadde jo vore hakket verre viss eg ikkje hadde vore det, da. Det var så mykje latterleg der, altså.

Når det gjeld den intra-etniske stigmatiseringa, så ser vi at denne har eit heilt anna innhald enn den inter-etniske: Medan det der altså kan vera eit stigma å vera same, er det motsett i den intra-etniske stigmatiseringa: Her er det eit stigma *ikkje å vera nok same*. Til saman utgjer desse to typene stigmatisering eit krysspress der du i verste fall ikkje er god nok uansett i kva situasjon du er i. Det ulike innhaldet i desse to typene gjer at meistringsstrategiane informantane har, er annleis andsynes intra-etnisk stigmatisering enn den inter-etniske stigmatiseringa. Det er for det første tydeleg at dette er vanskelegare å takle enn den inter-etniske stigmatiseringa. Det er ikkje like lett å heve seg over det og skulde på mangel på kunnskap her.

Desse opplevingane gjer at mange blir usikre på sin eigen etniske identitet overfor andre samar, og det å skulle »seie noko feil« blir det same som å røpe ein »ufullstendig« identitet som same og avdekkje ei sårbar side ved seg sjølv. Ein av informantane uttrykte det slik:

Intervjuar: Ja, eg har fått inntrykk av det, når eg har snakka med andre folk òg, at det er noko flaut med å snakke sørsamisk.

Ja, det er veldig . . . noko heilt anna enn at du drit deg ut på eit anna språk. Det er nesten heilt . . . Det er nesten så du blir dradd av det ytterste skalet og blir flådd, altså. Det er så jævlig!

Barrieren mot å utvide bruken av sørsamisk, slik han framstod gjennom intervjuet med informantane mine, ser altså ut til å vera tufta på ein kombinasjon av det å ikkje kjenne seg trygg på den sørsamiske språkdugleiken sin, og det å ikkje kjenne seg trygg på den sørsamiske identiteten sin saman med andre sørsamar.

Over barrieren

To av informantane bak det innsamla materialet har kome over, eller delvis kome over, barrieren. Ingen av dei har vakse opp med mykje bruk av sørsamisk i heimen, anna enn at dei har brukt den tidlegare omtala etnolekten. Det som skil dei frå resten, er at dei begge har fått ungar, og dette har, som vi skal sjå, fått konsekvensar for den språklege praksisen deira. Tilliks med dei andre informantane har òg desse hatt planar om at dei framtidige ungane deira skulle bli tospråklege. No har dei fått ungar, og dei har sett i verk planane sine. Dette har hatt positive ringverknader ikkje berre for dei sjølve, men òg for andre:

Intervjuar: Kva reaksjonar har du fått frå slekt og venner på at du snakkar sørsamisk med ungane dine?

Altså familien, både foreldre og søsken, dei får seg eit spark i rumpa dei òg, gjer dei.

Intervjuar: Og då byrjar kanskje dei òg å snakke sørsamisk med ungane dine, da?

Ja, vi har prøvd og vore . . . eller det seier vi til dei òg, at dei må bruke det dei kan, og dei kan jo faktisk ganske mykje! Nei, så det har eg opplevd berre som positivt!

Begge disse informantane har hatt slike erfaringar:

Og gjennom det at eg pratar med (ungen), har eg òg byrja å snakke samisk med mora mi, og med søstra mi, og med onkelen min. [...] For når du har ein liten unge, så blir det så vi snakkar samisk for ho. [...] Ja, og når vi først snakkar samisk, kvifor skal vi slå over til norsk? Så det er veldig artig: Ho har på ein måte vore ein revitaliseringskatalysator i vår familie, da.

Mange av informantane gav i løpet av intervjuet, direkte eller indirekte, uttrykk for at dei sakna å bli invitert inn i språksamfunnet av nokon andre. Når det ikkje skjer, kan det å få eigne ungar fungere som ein strategi for å invitere seg sjølv inn i eit språksamfunn. Den eine informanten sa det på denne måten:

Eg følte at: »Kan ikkje nokon koma og krevje at eg MÅ snakke?« Og det enklaste å gjera noko med er ungane mine. For da er det eg som bestemmer.

Når ein blir forelder, skaper ein samstundes ein ny språksituasjon der ein sjølv bestemmer, og dette kan, som vi ser, fungere som eit springbrett til å endre eller omdefinere allereie eksisterande språksituasjonar ein tek del i. Den eine informanten har i tillegg teke i bruk ein avtalestrategi for å byrje å bruke sørsamisk med folk utanfor den næraste familien:

Og veit du kva, etter kvart har eg funne meg vaksenpersonar som eg har sagt til: »Du må snakke samisk med meg. Viss vi treffast i banken, så kanskje eg svarer deg på norsk dei to første setningane, men eg treng den tida til å snu om. Men ikkje byrj å snakke norsk berre for at eg svarer på norsk!« Så eg har laga sånne »avtalar« med folk.

På denne måten har informanten ført umedvitne språknormer opp på eit eksplisitt medvitsnivå, og rett og slett utvida det sørsamiske språkdomenet både for sin eigen og andre sin del. Dette er, slik ho ser det, ein nødvendig og effektiv strategi:

Dit vi har kome no, der er det slik at vi må nesten avtale at »no snakkar vi samisk«. For no er det så få som har den naturlege linken til det å snakke samisk, sånn person til person, og dei personane som eg har hatt slike avtalar med: For oss er det no naturleg å snakke samisk.

Vegen over barrieren har likevel ikkje vore lett for nokon av desse to informantane. Informantane tek ansvaret dei kjenner for framtida til det sørsamiske språket, svært alvorleg:

Men det vil eg seie at eg synest det er eit kjempestort ansvar å vera den som skal sørge for at språket skal fortsette. Det er eit så stort ansvar at eg går med *dårleg samvittigheit for det nesten dagleg* (uthevinga mi).

Den andre karakteriserer sørsamisk sin i dag som resultatet av »blodslit«. Ikkje berre har ho førebudd seg sjølv på å byrje å snakke samisk, men ho har førebudd både sambuaren (som ikkje er same), familie og andre omgjevnader på at ungen skal få ein tospråkleg oppvekst og på at ho sjølv skal kunne ha ein tospråkleg kvardag i eit samfunn der det er norsk språk på alle kantar. I tillegg har desse to som snakkar sørsamisk dagleg med ungene sine, måtta tileigna seg ein morsmåls-lik kompetanse i det sørsamiske språket for å kunne følgje opp ungene sine i kvardagen, noko som kan by på utfordringar, særleg sidan det ikkje eksisterer ei norsk-sørsamisk ordbok:

Ja, den skulle eg gjerne hatt mange gonger. Så det blir så eg av og til set meg ned og pløyer gjennom den andre ordboka, den frå sørsamisk til norsk, og les på kvar bidige bokstav og prøver å finne litt daglegdagse uttrykk, spesielt til bruk til ungene og slikt, og da har eg laga meg ei eiga lita bok frå norsk til samisk, som eg kan slå opp i. Så behovet for ei ordbok er der, altså.

Begge dei som har teke i bruk sørsamisk til dagleg, gjev uttrykk for den same haldninga til den språklege purismen:

Ja, og det bør dei jo vera bevisst på dei som verkeleg kan det òg, at dei ikkje pirkar og rettar så mykje på oss som prøver og som ikkje kan det så godt. Det viktigaste er jo at vi prøver, for om det blir grammatiske feil og sånn, så må ein berre skite i det.

Begge er svært medvitne om at det er gjennom å prøve at ein lærer, og skal ein lære, må ein berre avfinne seg med at det kan bli ein del feil.

Avslutting

Det å overvinne barrieren på individnivå kan skildrast gjennom ein tostegsmodell: På det første nivået handlar det om å få innpass i eit sørsa-

misk språksamfunn ved å skape nye språksituasjonar sjølv. Det å stifte familie og få ungar står sentralt her. Som forelder har ein makt til å definere den språklege praksisen til ungen, og dermed kan ein endre sin eigen språklege praksis ved å skape nye språksituasjonar, eller eit »mikrospråksamfunn«, i heimen og familien.

På det andre nivået handlar det om å få innpass i det sørsamiske språksamfunnet ved å endre eksisterande språksituasjonar. Her har vi sett at det å få språknormene opp på eit medvite nivå både hjå seg sjølv og andre ved å inngå eksplisitte avtalar om å snakke sørsamisk, er ein effektiv strategi. Når invitasjonane inn i språksamfunnet manglar, må ein sjølv vera den som inviterer. For å gjennomføre dette krevst det imidlertid at ein, på same måte som ved dei språksituasjonane ein sjølv skaper, tek kontroll og omdefinierer språknormene i dei aktuelle språksituasjonane. For å gjera det handlar det om å ta ansvar eller å ta eigedom. Ein må ta eigedom over sin eigen etnisitet og identitet, over sitt eige språk og over dei språksituasjonane ein inngår i. På grunn av at sørsamisk utgjer eit så lite språksamfunn, er eigedomstilhøva ofte veldig tydelege. Små språk blir i stor grad private, og dei fungerer ikkje som felleseige, slik som store språk gjer.⁴ Med slik »privat eigedomsrett« til språk kan det å aktivt bryte med språknormene og ta eigedom over eit språk bli ganske dramatisk og by på sosiale kostnader, og ein risikerer sanksjonar om ein »tek seg til rette« ved å snakke »feil«.

Har ein teoretisk kunnskap om språkkinnlæring og veit at det er ved å delta i eit språksamfunn og å få lov til å prøve og feile at ein lærer språk, er risikoen lettare å ta. Er revitaliserarane villige til å ta denne risikoen, og med det bidra til å senke krava til språkdugleik i språksamfunnet, kan dette vera eitt av skritt på vegen for å vidareutvikle språksamfunnet og revitalisere det sørsamiske språket.

⁴ TROSTERUD 2003, 214.

Litteratur

- JOHANSEN, Inger. »Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera«. Ei sosiolingvistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk«. Magistergradsavhandling. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), 2006.
- TROSTERUD, Trond: »Språkdaude, purisme og språkleg revitalisering«. I: SANDØY, Helge, Randi BRODERSEN og Endre BRUNSTAD (Utg.): *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. (= Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet; 15). Volda: Høgskulen i Volda, 2003. 181–216.